

 <b>HELSE BERGEN</b> Haukeland universitetssjukehus	<h2>Lichen sclerosus</h2>
Kategori: Forskning, innovasjon og utdanning/Oppl�ring av pasienter og p�r�rende	Gyldig fra/til: 12.10.2022/12.10.2024
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 2.02
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon
Dok. ansvarlig: Turid Thune	Dok.id: D43653

### Kva er lichen sclerosus?

Lichen sclerosus er ein hudsjukdom som oftast gjev plager i genitalområdet b de hj  kvinner og menn.

### Kva er  rsaka til sjukdomen?

 rsaka er ukjend. Ved lichen sclerosus er det ein kronisk betennelsesreaksjon i huda, men kva som utl yser denne betennelsen er ikkje kjent. Mykje tyder p  at lichen sclerosus h yrer inn under gruppa autoimmune sjukdomar.

### Kven kan f  lichen sclerosus?

Sjukdomen kan oppst  b de hos born og vaksne, kvinner og menn.

### Er sjukdomen vanleg?

Dette er litt vanskeleg   svare p  fordi mange ikkje g r til lege med plagene sine. Ein trur at 0,1-0,3 % av befolkninga kan vere r ka. Sjukdomen er vanlegare hos kvinner enn menn og oppst r relativt sjeldan hos born.

### Er lichen sclerosus arveleg?

Det er rapportert at det kan oppst  fleire tilfelle i same familie.

### Kva plager er vanlege ved lichen sclerosus?

I starten merkar dei fleste litt kl e og svie, etter kvart kan det oppst  meir irritasjon og s r. Typisk for lichen sclerosus er at huda i området som er r ka etter kvart f r ein kvitleg farge, blir tynn og stiv. Hos menn kan forhuda bli trong. Huda i genitalområdet kan vekse saman og anatomien genitalt kan bli endra. Smerter ved samleie kan vere eit problem.

### Korleis blir diagnosen stilt?

Ein l kjar som har sett tilstanden f r, vil vanlegvis kjenne han att utan   m tta ta nokon pr var. Dersom diagnosen er usikker, blir det ofte teke ein vevspr ve som kan vere til god hjelp for   stille diagnosen. I tidleg fase av sjukdomen kan det vere vanskeleg   stille diagnosen sj lv om ein tek vevspr ve.

### Er lichen sclerosus smittsam?

Nei, sjukdomen er ikkje smittsam.

### Er det farleg   ha samleie?

Nei, det er ikkje farleg, men det kan vere smertefullt.

### Kan eg bli frisk?

Det er varierende kor mykje plager den einkilde har av sjukdomen. Truleg blir ein aldri heilt kvitt sjukdomstendensen, men med god behandling klarer dei fleste   halde sjukdomen i sjakk, og mange kan bli n rast symptomfrie. Mange klarer seg i lange periodar utan behandling. Born kan bli heilt friske i ten ra.

**Kva behandling finst?**

Den mest effektive behandlinga er sterke kortisonsalvar brukt over lang tid. Kortison tynnar ikkje ut huda i område som er råka av lichen sclerosus. Ved langvarig, systematisk behandling med sterke kortisonpreparat kan ein skilte oppnå å bli kvitt plagene. Dei fleste må bruke vedlikehaldsbehandling for ikkje å få tilbakefall. Også andre salvar og kremar har vist effekt og kan nyttast dersom kortisonpreparat ikkje kan brukast. Hos menn som får trong for hud kan heil eller delvis omskjering bli naudsynt.

**Er lichen sclerosus farleg?**

Det er observert ein lett auka risiko for hudkreft i eit område med lichen sclerosus. Systematisk og langvarig behandling verkar truleg førebyggjande for utvikling av kreft. Det er likevel viktig at både du og fastlegen din er merksame på den lett auka kreftfaren. Du bør gå til kontroll minst ein gong i året. Dersom det oppstår sår som ikkje vil gro, bør det takast ein vevsprøve.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

Avdeling: Hudavdelinga

Telefon: 55 973950

[www.helsebergen.no](http://www.helsebergen.no)